



Statens Vegvesen
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 31.01.2014
Vår ref.: 2014/394-4
Dykkar ref.:

Fråsegn - Kommunedelplan - RV 555 - Fastlandssambandet Sotra - Bergen - parsellen Storavatnet - Liavatnet

Kultur- og ressursutvalet handsama saka i ekstraordinært møte 24.1.2014. Saksframlegg og protokoll er vedlagt. Utvalet fatta følgjande vedtak i saka:

Vedtak

1. Kommunedelplan for Sotrasambandet del II – Storavatnet – Liavatnet i Bergen kommune er eit viktig bidrag til å nå nasjonale og regionale mål om endra reisemiddelfordeling og meir miljøvenleg transport.
2. Kultur- og ressursutvalet tilrår at ein eigen busstrasé i tunnell som i alternativ 3 blir lagt til grunn for vidare arbeid med reguleringsplan i samsvar med Bergen kommune og Statens vegvesen si tilråding. Dette alternativet vil gi best framkome for buss mellom Liavatnet og Storavatnet.
3. Det er svært viktig at ein får realisert ein ny kollektivterminal som legg betre til rette for bytte mellom alle kollektivlinjer i området.
4. Kultur- og ressursutvalet tilrår at vidare detaljplanlegging gjennom reguleringsplan for parsellen Storavatnet – Liavatnet blir prioritert høgt slik at ein ny kollektivtunnel gjennom Lyderhorn kan bli realisert så raskt som mogeleg.

Marit Rødseth
plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

- 1 Vedlegg 1 - Protokoll
- 2 Fråsegn til kommunedelplan for Sotrasambandet del II – Liavatnet – Storavatnet – Bergen kommune